



---

## Notat

---

**Til:**

Kommunestyret

**Frå:**

Jan Erik Boge

### Retting av skrivefeil i vedtak i folkevalde organ i Samnanger

**Saknr/Journalnr**

21/353/22/4288//JEB

**Arkivkode**

FE-033

**Dato:**

09.06.2022

---

Kommunestyret og andre folkevalde organ i kommunen gjer kvart år mange vedtak. Ein del vedtak inneheld skrivefeil, som møtesekretæren gjerne oppdagar når ho/han arbeider med møteprotokollen etter møtet. I Samnanger har det vore litt varierende praksis med omsyn til om slike skrivefeil blir retta i møteprotokollen. I nokre tilfelle har møtesekretæren retta openberre skrivefeil i vedtaksteksten, men ikkje alltid.

Det er ønskeleg å få innført ein fast praksis med omsyn til retting av skrivefeil i politiske vedtak, og eventuelt også i vedtaksframlegg.

Skrivefeil i vedtaksframlegg eller vedtak kan sjølvstundt også bli oppdaga i møtet, både av andre folkevalde, møtesekretæren eller andre frå administrasjonen. Slike skrivefeil kan i utgangspunktet sjølvstundt påpeikast i møtet - men det er ikkje sikkert ein slik praksis alltid vil vera heilt uproblematisk. Det vil kanskje kunne oppfattast som "pirkete" dersom andre møtedeltakarar stadig påpeikar skrivefeil i vedtaksframlegg (for eksempel i vedtaksframlegg som blir lagde inn digitalt i Møteportalen). Det er heller ikkje mogleg for folkevalde å retta skrivefeil i vedtaksframlegg som er dei har lagt inn i Møteportalen.

Det kan vera ei løysing at møtesekretæren får fullmakt til å retta openberre skrivefeil i både vedtaksframlegg og vedtakstekstar i møteprotokollar for folkevalde organ. Møtesekretæren må i så fall også ha fullmakt til å retta skrivefeil i vedtaksframlegga som er lagde inn digitalt i Møteportalen. Det må vera ein føresetnad at slike rettingar ikkje skal innebera noko form for realitetsending av vedtaksframlegget eller vedtaket. Det må også vera ein føresetnad at slike rettingar skal gjerast før utkast til møteprotokoll blir sendt ut til møtedeltakarane til godkjenning.

Det kan også skje at vedtaksframlegg som blir sette fram i møte, er skrivne på bokmål. Det er bør avklarast om slike vedtaksframlegg skal omskrivast til nynorsk i møteprotokollen. Bakgrunnen for denne problemstillinga er at kommunestyret har bestemt at Samnanger skal vera nynorskkommune.

Dersom kommunestyret vedtek reglar om retting av skrivefeil i vedtak/vedtaksframlegg, bør reglane truleg takast inn i kommunen sitt reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet.